



Vår ref.:
25/4368

Saksbeh.:
PSDI

Ark.:
A20, &00

Dykkar ref.:

Dato:
03.03.2025

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Sula kommune

Heimel: Gjeldande frå vedtaksdato i kommunestyret i Sula kommune med heimel lov 09.juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2-2.

§ 1 Formål

Forskrifta gir informasjon om kva retningslinjer som gjeld for søknad om fri/permisjon frå skulen utanom dei oppsette ferie og fridagane gjennom skuleåret (skuleruta). Forskrifta gjeld for alle dei kommunale grunnskulane i Sula kommune.

§ 2 Vilkår

Elevar kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

§ 3 Faste prøver

Det skal ikkje innvilgast permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver
- Eksamenar og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid.

§ 4 Øvre grense for permisjon per skuleår

Elevar kan normalt sett få permisjon i inntil 10 skuledagar samanhengande og per skuleår.

§ 5 Permisjon i 1-3 dagar per skuleår.

Søknad om permisjon i 1-3 dagar i løpet av eit skuleår skal innvilgast, dersom vilkåra i § 2 er oppfylt.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 00

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro: 4212.23.28079
Foretaksnr.: 964 980 543
Skattekonto: 6345 06 15317

§ 6 Permisjon i 4-10 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 4-10 dagar skal innvilgast, dersom vilkåra i § 2 er oppfylt og tungtvegande grunnar talar for det.

Tungtvegande grunnar kan til dømes vere spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller familie, deltaking i idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne/treningssamling på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Vilkår for fri i 4-10 dagar er at føresette tek ansvar for oppfølging av elevane sine arbeidsplanar/fagplanar/lekser i samråd med kontaktlærar.

§ 7 Behandling av søknad

- Søknad om fritak/permisjon frå skulen skal skrivast på fastsett skjema, og normalt sendast vedkomande skule seinast fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.
- Unntaket frå denne regelen er søknadar om fri for inntil tre dagar. Slike søknader sendast direkte til kontaktlærar gjennom dei kanalar ein bruker til kommunikasjon. Kontaktlærar behandlar slike søknader ut frå dei generelle forutsetningane for å kunne søke om permisjon/fri, slik desse er beskrive i denne forskrifta.
- Vedtak om fritak/permisjon frå skulen er ein enkeltvedtak etter forvaltningslova §2 b.

§5. Klage

Klageinstans for permisjon i 4-10 dagar er rektor. Statsforvaltar i Møre og Romsdal er endeleg klageinstans.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.08.2025

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur